



Sjølvs om det er lite snø i fjellet denne påsken, melder SKL frå om faren med å ferdast ved regulerte vatn og vassdrag.

I samband med påske og auka ferdsle i fjellet, ynskjer SKL å gjera alle merksame på regulerte vatn knytt opp til Tverrelva Kraftverk. Les kva SKL skriv til alle som ferdast i Tverrelva Kraftverk AS sitt nedslagsfelt i område rundt Mannsvatnet.

På regulerte vatn vil det alltid vera fare for område med ope vatn og utrygg is. Det gjeld særleg ved inn- og utløpsosar, tappetunnelar, kraftstasjonar og liknande. Vidare kan det i reguleringssona liggje att isflak som det kan vera farleg å koma imellom og under.

Tekst: Pressemelding frå SKL
Foto: Ann Irene Sæle
Nett: Kristian Bringedal